

Sunnfjordhytta **Pustut rundar 60 år** som lagshytte - **Jubileumsfeiring** **laurdag 18. sept.**²⁰²¹ frå kl. 14 til kl. 18.



Foto: Alv Reidar Dale ©

Slik såg hytta ut i fjor sommar. Ho ligg ikkje langt frå Sinober i Lillomarka. Du kjem dit ved å gå frå Snippen stasjon i Mari-dalen eller frå Sagtomta på Kjul i Nittedal.

Sunnfjordhytta på Sinober har vore i laget si eige i 60 år; det må feirast på sunnfjordsk vis; med rjømegraut, saft og spekemat, kaffi og kaker! Dessutan skal eit flunkande nylaga utebord med benkjer innvigjast - og ei til no ukjend hyttehistorie frå før hytta vart vår, skal avdukast!! Det vert også gjeve gåver til hytta og rom for helsingar i høve dei 60.

Vi må ha påmeldingar frå dei som vil få med seg denne gilde hendinga, det gjer de til Andor Gjelsvik: andorgj@frisurf.no, sms til 915 51 058 **seinast onsdag 15. september.**



Foto: Andor Gjelsvik ©

- og slik tek Pustut seg ut no i år; nymåla og innbydande til alle som vil vere med på å feire dei 60... Heile feiringa kostar berre 250 pro pers.

Ver velkomne, alle som kan og vill!

Vi fylgjer dei smittervernreglane som gjeld.

Sogn og Fjordanelaget i Oslo